

ÅRSMELDING 2021

Årsmøtet vart halde 28.januar 2021 på Teams. 10 Deltakarar

Styret:

Leiar: Ragnhild Sæle*
Nestleiar: Jakob Andre Sandal*
Sekretær: Inge Erikstad
Kasserar: Jonny Lofnes*
Styremedlem: Ole Kristian Kjøsnes

Vara:

1. Sissel Gjesdal Sægrov*
2. Silja Juklestad*
3. Rune Årdal*

Grendakontakter:

Stardalen	Jakob Andre Sandal*
Klakegg/Førs	Svein Klakegg*
Viken/Kjøsnesfjorden	Ole Kristian Kjøsnes*
Sunde/Dvergsdal/Myklebust	Ole Johan Hegrenes*
Årdal/Huus/Helgheim	Inge Erikstad*
Ålhus/Svidal	Jonny Hundvebakke*
Gjesdal/Sandal	Jostein Gjesdal*
Eikås/Kvammen/Vassenden	Jan Arne Flugekvam*


Revisorar:

Magnar Juklestad*
Audun Nedrebø*

* På val.

Valnemnd:

Nina Eriksen
Jan Roger Myklebust
Johannes Nedrebø



Postadresse:

c/o Ragnhild Sæle
Ålhus
6847 VASSENDEN

Telefon: 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net


Det har i meldingsåret vore halde 3 styremøter og handsama 8 bokførde saker.

Saker ein har jobba med

Hentepllassane for ull har vore dei same som i 2020. Ullhenting vart gjort kjent via e-post og heimesida.

Ullsekkar har ein, som dei siste åra, formidla via Jølster Landbrukstenester. Dette for at vi som næringsdrivande skal kunne få tilbake momsen på kjøp av sekkars. Pallen med sekkar er plassert hos Johannes Nedrebø, og henta sekkar vert fakturert ved året slutt frå Jølster Landbrukstenester.

Ordninga fungerer ikkje heilt optimalt. Når pallen er tom, så viser det seg at der er ein del sekkar som ein ikkje veit kven som har henta. Pr. 31.12.21 var det 59 sekkar som Jølster Sau og Geit fekk faktura på. I tillegg til at dei som hentar sekkar skal sende sms om kor mange sekkar som er henta, må ein også skrive namn, dato og tal på ei liste.



Kåringa av vårlam vart arrangert ved Eikaasgalleriet på Åhus 02.10.21. Kåringa vart gjennomført utan strenge coronatiltak. Vi stilte med mat til dommarane, betasuppe, kake og skulebollar. Andre frammøtte fekk kjøpe.

Det var 12 utstillarar, som stilte 71 lam til kåring. 65 av desse vart kåra, 6 vart vraka. Årsaka til vraking: 1 med feil bitt, 1 på bein, 1 med farga hår i fallen og 3 på grunn av marg.

Lam med flest poeng, alle rasar:

202158484 - 165 poeng.

Oppdrettar: Morten Årset

Brukseigenskapar: 9

Beinstilling: 9

Ullkvalitet: 10

O-indeks: 137

Sum poeng: 165




Kåring av bukkekje vert gjort inne i fjøsen til den enkelte dyreeigar, ved at ein kåringsdommar kjem rundt på gardane og kåra bukkekjea. I 2021 vart det kåra 10 bukkekje.

Beste kåra bukkekje: 2021 253 – 157 poeng. Eigar Ole Kristian Kjøsnes

Kurs, møter m.m.

- Årsmøte SFSG på Teams 26.februar:
Jonny Lofnes, Jakob Andre Sandal og Ole Kristian Kjøsnes.
- Haustsamlung i Sogndal 29. og 30. oktober.
Jonny Lofnes deltok 30. oktober.
- Julebord på Thon Hotel Jølster 27. november, i høve «Geitehelg i Jølster». Ein triveleg sosial kveld for dei som deltok, med folk frå småfænæringa frå store delar av landet.



Med unntak av nemnde møter, så har det ikkje vore aktivitet/deltakelse i regi av Jølster Sau og Geit. Med dei retningslinjene som har vore i høve korona, har ein ikkje funne det forsvarleg å legge opp til møteaktivitet.



Felling av rev: Det er registrert 70 felte revar. Den beste revejegeren har skote 24 stk. avbilda jeger har tatt 9 stk. Stor takk til alle dei som gjer ein innsats for å få redusert revebestanden.

S T Y R E T